



Plan- og miljøavdelinga for vidare ekspedering

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2014/955	5296/2019	03	WANGEN	29.03.2019

Melding om vedtak i Ørsta kommunestyre 28.03.2019, sak 25/19

VEDTAK AV DETALJREGULERINGSPLAN FOR E39 HOVDEN - OSBORG

Saksprotokoll - Ørsta kommunestyre - 28.03.2019

VEDTAK:

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til detaljreguleringsplan for E39 Hovden – Osborg, og til innkomne merknader ved offentleg ettersyn. I samsvar med pbl §12-12 vedtek kommunestyret detaljreguleringsplanen slik den ligg føre på plankart 2015001-01B og 20151001-02B, sist revidert 12.03.2019 med tilhøyrande føresegn sist revidert 13.03.2019.

Formannskapet legg vekt på at ein sikrar gjenbruk av matjorda.

Handsaminga (31 r.f)

Formannskapet si tilråding blei vedtatt med 30 røyster mot 1 røyst (Idar Vatne)

Med helsing

Inger Johanne E. Løeng
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Saksprotokoll - Ørsta formannskap - 19.03.2019

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til detaljreguleringsplan for E39 Hovden – Osborg, og til innkomne merknader ved offentlig ettersyn. I samsvar med pbl §12-12 vedtek kommunestyret detaljreguleringsplanen slik den ligg føre på plankart 2015001-01B og 20151001-02B, sist revidert 12.03.2019 med tilhøyrande føresegn sist revidert 13.03.2019.

Formannskapet legg vekt på at ein sikrar gjenbruk av matjorda.

Handsaminga (9 r.f.)

Bjarne Otnes, Statens vegvesen, orienterte og svarte på spørsmål

Gunnar Wangen, avd.leiar plan og miljø, svarte på spørsmål

Ordførar foreslo landbruksnemnda sitt vedtak, siste avsnitt, som tilleggs punkt:

Formannskapet oppmodar difor sterkt om at planen gjer naudsynte vurderingar for minimere inngrepa i dyrka jord, og at ein sikrar god gjenbruk av matjord i samråd med grunneigarane og formannskapet.

Per Are Sørheim (H) foreslo endra forslag i høve ordførar sitt forslag:

Formannskapet legg vekt på at ein sikrar gjenbruk av matjorda.

Per Are Sørheim sitt forslag vart gjort om til fellesframlegg

Formannskapet vedtok med 9 mot 0 røyster å legge saka fram for kommunestyret i samsvar med rådmannen si tilråding m/fellesframlegg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Gunnar Wangen

Arkivsak: 2014/955

Løpenr.: 2914/2019

Utvalsaksnr.	Utval	Møtedato
22/19	Ørsta formannskap	19.03.2019
25/19	Ørsta kommunestyre	28.03.2019

VEDTAK AV DETALJREGULERINGSPLAN FOR E39 HOVDEN - OSBORG

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til detaljreguleringsplan for E39 Hovden – Osborg, og til innkomne merknader ved offentlig ettersyn. I samsvar med pbl §12-12 vedtek kommunestyret detaljreguleringsplanen slik den ligg føre på plankart 2015001-01B og 20151001-02B, sist revidert 12.03.2019 med tilhøyrande føresegn sist revidert 13.03.2019.

Utskrift til:

Plan- og miljøavdelinga for vidare ekspedering

Saksvedlegg:

Oversending av planforslag, frå Statens vegvesen, datert 21.02.2019

Plankart

Føresegn

Planhefte

Teikningshefte

Merknadshefte

Merknad frå Jordvern Møre og Romsdal datert 31.01.2019

Uprenta saksvedlegg:

Diverse saksdokument

Saksopplysningar:

Statens vegvesen har i samarbeid med kommunen utarbeidd framlegg til detaljreguleringsplan for E39 Hovden – Osborg. Planområdet omfattar E39 og omkringliggende areal. Planområdet ligg mellom Ørsta sentrum og Ørsta/Volda lufthamn. Strekning som inngår i planområdet er om lag 1250 m. Føremålet med planarbeidet er:

- *Løysinga for gåande og syklende skal inngå i det samanhengande hovudnettet for sykkel mellom Ørsta og Volda og bidra til at kommunene når måla dei har for sykling.*
- *Sikrere og betre framkomst for mjuke trafikantar, spesielt til/frå busslommene.*
- *Auke bruken av buss i staden for privatbil, også for dei som er avhengige av universell utforming av busslommer og gangvegar.*
- *Redusere talet på trafikkulykker og redusere alvorlegheitsgraden på ulykkene som skjer.*
- *I minst mogleg grad skape konflikt i forhold til dagens arealbruk, under dette også landbruk*
- *Ivareta menneske og bustadmiljø på en miljøvennleg måte*
- *Redusere vegen si barriereeffekt*

Planen legg til rette for bygging av følgjande:

- Ei ny planfri kryssing for gåande og syklende
- Utbetring av ramper i tilknytning til ein eksisterande undergang slik at den tilfredsstillir krav til universell utforming
- 1880 meter ny gang- og sykkelveg
- Stenging av 1 kryss og 3 avkøyrslar i samband med utbygging av tiltaket.
- Krav om stenging av ytterlegare 1 kryss og 4 avkøyrslar ved regulering/utbygging av tilliggande areal.
- Utbetring av 2 busslommer med omsyn til universell utforming, flytting av 3 busslommer inkl .oppgradering til fullverdig standard. Utbetring av 1 eksisterande busslomme der den ligg i dag til fullverdig standard slik at dei har tilfredsstillande breidde og lengde, samt er universelt
- utforma.
- 340 meter støyskjerming
- Utviding av 915 meter E39 til ei breidde på 9 meter

Oppstart av planarbeidet vart varsla i juni 2015. I november 2017 vart det varsla på nytt, med utvida planområde. Det vart i tillegg halden open kontordag på rådhuset den 20.september 2018.

Ørsta formannskap gjorde den 28.08.18 følgjande vedtak om utlegging til offentleg ettersyn: *Ørsta formannskap, som planutval, syner til framlegg til detaljreguleringsplan for E39 Hovden - Osborg. Planframlegget (nasjonal arealplan-ID 2015001) skal leggest ut til offentleg ettersyn jf. pbl §12-10, slik det ligg føre på plankart R100 og R101 datert*

22.08.2018 med tilhøyrande føresegn datert 19.06.2018. Planframlegget skal ligge ute i seks veker frå kunngjeringsdato.

Innspel til oppstart og utvida planområde samt merknader frå offentleg ettersyn er vurderte i kapittel 11 i planomtalen. I tillegg ligg det før eit eige merknadshefte der kopi av merknadane i tillegg til vurderingane frå planomtalen kjem fram.

Vegvesenet har motteke elleve merknader til planframlegget. I tillegg ligg det føre merknad frå Jordvern Møre og Romsdal. Merknaden tek opp moment knytt til dette planarbeidet spesielt, men også andre samferdselsprosjekt generelt. Merknaden kom inn etter høyringsfristen, og etter at vegvesenet hadde ferdigstilt sitt dokument med kommentarar til dei øvrige merknadane. I merknaden vert det m.a. stilt spørsmål ved behovet for tosidig gang-sykkelveg på strekinga og ev. bruk av mur for å reduserte tap av dyrka jord. Vegvesenet sin sakshandsamar har gitt følgjande kommentar til merknaden: «*Dei argumenta som blir tatt opp her har vi svara på i merknadsgjennomgangen. Vi har ikkje noko å legge til ut over det.*» Merknaden ligg som eige vedlegg.

Dei andre merknadene er vurderte og kommenterte i eige hefte. Kommunen har ikkje noko særskilt å merke til vegvesenet si vurdering av merknadane. Det er etter høyringa gjort følgjande endringar i planframlegget:

- *I høyringsutgåva av plankartet er det brukt omsynssone H910 (sone der gjeldande reguleringsplan skal gjelde uendra) på areal omfatta av nye faresoner for flaum og høgspenningsanlegg. Då kan ikkje H910 brukast. Det har difor vore nødvendig å legge inn planformål og føresegner frå gjeldande reguleringsplanar på desse areala. Nye planformål med tilhøyrande føresegner omfattar areal for bustader, forretning, parkering, og friområde. Dei nye planformåla speglar gjeldande plansituasjon, og det er ikkje nødvendig å høyre planen på nytt.*
- *Gang- og sykkelveg som i følgje planomtalen kan brukast av landbrukskøyrety er vist som køyrbar gang- og sykkelveg i plankartet. Breidda er auka og radius i kurver er tilpassa.*
- *Udergangar er vist med vertikalnivå 1 under bakken.*
- *Trapper og tilknytting til gang- og sykkelvegane ved undergangane er vist som SGG framfor å inngå i annan veggrunn.*
- *Snarvegen heilt aust planområdet er vist som Turdrag GTD*
- *Sideareal til veganlegg er vist som Annan veggrunn - teknisk anlegg i staden for Annan veggrunn - grøntanlegg.*
- *Faresone H370 Høgspentanlegg er bytta ut med H740 Bandlegging etter energilova, og føresegnene er tilpassa i samsvar med det etter innspel frå NVE.*
- *Det er lagt aktsemdssone H320 Flomfare langs Osskarelva. Føresegnene for denne og tilsvarande sone langs Mos-Olaelva er nye. Fylkesmannen hadde motsegn til planen på dette grunnlaget, denne er trekt i brev av 14.02.2019.*
- *Måten private fellesvegar og private avkøyrslar er vist i plankartet er endra. Føresegnene er endra i samsvar med dette. Avkøyrslene vist som Avkj1 og Avkj2 er tatt bort for å tilpasse til tilgrensande plan.*
- *Veg o_SKV5 i høyringsforslaget er endra til privat, felles veg f_SKV1.*
- *Det er lagt inn ei driftsavkøyrslar o_SKV3 etter ønskje frå grunneigar.*
- *Det er tatt inn føresegner som sikrar omsyn til lufttrafikk etter ønskje frå Avinor.*
- *Det er elles gjort nokre mindre tekniske og språklege korrigeringar i plankart, føresegner og planomtale.*

Vurdering og konklusjon:

Planområdet ligg langs eksisterande E39 mellom Hovden og Osborg. Planområdet omfattar vegareal inklusiv gang- og sykkelveg, litt spreidd busetnad samt sidevegar til bustadfelt. I

tillegg er det tilgrensande jordbruksareal og ein mindre del av statleg sikra friluftsområde ved Osskarelva.

Det ligg føre ein omfattande dokumentasjon i planomtalen der mellom anna born og unge sine interesser, trafikkforhold, vegstandard, trafikkulykker, trafikktalet og framtidige prognoser, teknisk infrastruktur, flaum, landskapsbilete, nærmiljø og friluftsliv, naturmangfald, kulturmiljø, naturressursar, luftforureining og støy, massehandtering, grunnforhold og skredfare er vurderte.

Eigedomane som får størst inngrep og beslag av areal ligg på nordsida av E39. Det er aktuelt å løyse inn to bustadeigedomar og eitt uthus, og for ein eigedom der eigarane ikkje ønskjer innløyising er særskilde fasadetiltak aktuelle. Eit eldre våningshus på landbrukseigedommen ved ny undergang på Osborg er også foreslått innløyist. Verknadane for private bustadhus er omtala under tittelen Naboskap i planomtalen pkt. 8.2, s 20.

Vedkomande støy, vil planlagd støyskjerming gje redusert støynivå for 22 bustader (9 bygg) og ein fritidsbustad i raud støysone. I tillegg vil skjermen gje støyreduksjon for fleire eigedomar i gul støysone og anna uteområde nord for skjermen.

Etter offentleg ettersyn er tap av dyrka jord eit tema fleire har teke opp. Dette var også omtala i samband med utlegging av framlegget til offentleg ettersyn. Det er stilt spørsmål ved om det kan etablerast mur mot dyrka mark, og om det er naudsynt med tosidig gang-/sykkelveg på strekninga. Tosidig gang-/sykkelveg er i samsvar med føringa i sykkelstrategien frå 2010 utarbeidd av vegvesenet i samarbeid med kommunen. I saksutgreiinga til offentleg ettersyn var følgjande sagt om dette temaet:

«Noko tap av dyrka jord og verknadane for eigedomar som må løysast inn eller får andre inngrep, kan seiast å vere dei viktigaste negative verknadane av planframlegget. Tilhøva knytt til dei mest berørte eigedomane er omtala i pkt. 8.2 i planomtalen. Dei offentlege interessene knytt til planen er likevel så viktige, at det må vurderast som klart meir til gagn enn skade, om det vert naudsynt å nytte oreigningsheimelen planen gjev i samband med gjennomføring av den.

Omfanget av permanent og mellombels omdisponering av dyrkajord som følgje av planen er omtala kort under pkt. 8.9 i planomtalen. Det har også kome merknader til omfanget av tap av dyrka jord frå grunneigar og drivar av areal langs nordsida av vegen. Vegvesenet gjer greie for grunngevinga for planen si utforming i sin kommentar til merknadane i kap. 11 i planomtalen. Rådmannen er samd med vegvesenet i at det er rett å utforme vegen med tosidig løysing for g/s-veg, på bakgrunn av dei overordna føringane. Planen syner no konsekvensane og dei samla inngrepa ei framtidretta løysing for veganlegget vil få. Kva tid det vil vere ei rett samfunnsmessig prioritering og avveging mellom dei ulike interessene å gjennomføre bygging av tosidig løysing på denne strekninga, kan vere eit spørsmål i samband med seinare prioritering av utbygging av ev. byggesteg.»

Etter offentleg ettersyn er dei same momenta kome fram i merknader. Det vert vist særskilt til vegvesenet sin kommentar til merknaden frå Mona og Ole Ragnar Lystad. Vegvesenet og kommunen har konkludert med at ein må halde fast på vurderinga som var gjort ved utlegging til offentleg ettersyn. Planen vil då syne og gje heimelsgrunnlag for dei samla tiltaka som er aktuelt på lang sikt. Som det går fram ovanfor, kan det vere ei avveging mellom landbruksinteressene og behovet for den tosidige g/s-løysinga i høve gjennomføringstidspunkt.

Det er i utgangspunktet Statens vegvesen sitt ansvar å gjennomføre planen, men tiltaka er pr. i dag ikkje inne på noko prioriteringsliste. Vedtak av planen har ikkje økonomisk konsekvens for kommunen.

Etter ei samla vurdering rår rådmannen til at planframlegget vert vedteke slik det ligg føre på plankart blad 1 og 2 sist revidert 17.01.2019 med tilhøyrande føresegn sist revidert 04.02.2019.

Wenche Solheim
rådmann

Eldar Øye
fungerande teknisk sjef